



Kommunal- og Moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Etne, 30.06.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2014000057/2014005008

Arkiv:

N-perm

Sakshandsamar:

ELH

LOVFRAMLEGG OM GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I FORKANT AV KOMMUNEREFORMA - HØYRING

Det vert vist til skriv datert 14.05.2014 frå departementet, med oversending på høyring om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.

Ordføraren i Etne har fått fullmakt til å gje uttale i saka i formannskapsmøte 17.06.14., og vil gje slik uttale på vegne av Etne kommune:

«Etne kommune har gjennom fleire år hatt ein omfattande planprosess om nytt omsorgssenter i Etne. Planane omfattar også utviding av småskulesteget i Etne. Det ligg også føre utfordringar i forhold til garantien om barnehageplass og tilfredstillande barnehagelokale for å dekkja opp dette. All denne planlegginga har føregått i forhold til eksisterande lov og regelverk.

Etne kommune er usamde i at alle kommunar vert sett på «Robek-lista», slik framlegget frå KMD legg opp til, og går imot at dette vert sett i verk. Det vil vera tilstrekkeleg å gje kommunane ei oppmoding om å visa ansvarlegheit i denne perioden. Vi ber på denne måten at lokaldemokratiet vert prioritert. Det vil også vera med på å visa respekt for planarbeidet som føregår i kommunane og for kommunane som ansvarlege aktørar i forhold til å gje innbyggjarane best moglege tenester.»

Med helsing

Sigve Sørheim
ordførar

